

# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG



**SJØHOLT SENTRUM - bilete teke på slutten av 1860-åra.**

Du kan lese meir om kvart hus på biletet – sjå Ørskog Historielag si heimeside.

[www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

**ÅR: 2008**



# **SJØHOLTØYRA**

**Fotograf: Axel Lindahl**

**Datering: 1890-åra**

**Motiv: Sjøholtøyra mot Ørskogvika**

**Utgivar: Mittet**

**Eigar: Ørskog historielag**





# Å R S M E L D I N G F O R Ø R S K O G H I S T O R I E L A G Å R: 2 0 0 8

**ØRSKOG HISTORIELAG** vart stifta i 1985.

**§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*
- b. å leite fram og systematisere opplysningar i skriftlege kjelder.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

I eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside heiter det:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

**ÅRSMØTET** i Ørskog historielag vart halde i Paktarhuset 4. mars 2008. 14 medlemmer var til stades. Årsmeldinga for 2007 og rekneskapen for 2007 vart godkjende utan vesentlege merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda med nokre mindre tillegg.

Valnemnd var: Rolf Hatlen, Åse Karin Gjære og Asgeir Dragesæt.

Arbeidsoppgåver for år 2008 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for år 2009 vart ikkje endra frå 2008 og vil då vere 175 kr også i 2009.

Etter vala på årsmøtet og konstituering av styret, har styret vore samansett slik:

**Styret:**

- |                      |             |
|----------------------|-------------|
| - Tore P. Gjære      | leiar       |
| - Heidi Heggem       | nestleiar   |
| - Ragnar Bakken      | skrivar     |
| - Terje Misund       | kasserar    |
| - Petter Sjøholt     | styremedlem |
| - Brynje Vethe       | varamedlem  |
| - Egil Vestre        | varamedlem  |
| - Turid Valbø Haddal | varamedlem  |

**Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- |                            |  |
|----------------------------|--|
| - Teknisk utval:           | 4 medlemmer – leiar Svein Stene                                    |
| - Skriftnemnd:             | 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde                           |
| - Aktivitets/museumsnemnd: | 4 medlemmer – leiar Leif Bårdsgjære                                |
| - Husstyre:                | 4 medlemmer + 2 medlemmer frå Husflidslaget - leiar Kjell Arve Lid |
| - Fotoregistrering:        | 7 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.                              |
| - Kalenderkomite for 2009: | 4 medlemmer – leiar Ståle Vestre.                                  |
| - Nemnd for postvegen:     | 4 medlemmer – leiar Jan Lande.                                     |
| - Revisorar:               | Oddhild Frøysedal og Trude Fimland Sjøholt                         |
| - Valnemnd for 2008:       | Rolf Hatlen – Åse Karin Gjære – Magnhild Schmidiger                |

**Styret** har i meldingsåret hatt 6 møte:

4. mars – 25. mars – 21. august – 18. september – 16. desember - 20. januar.

Møte for smiinteresserte vart halde 13. oktober – med 14 frammøtte.

Styret har handsama 26 protokollerte saker.

Medlemstalet i 2008: 177 inkl. 5 verksemder – jf. årsskriftet for 2008.

Dette er ein netto auke på 2 frå året før.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 25.03.08 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåver.
- ✓ Flytting av lokomobilen – skal til bankparken.
- ✓ Bygdevandring Gausnesgarden - planlegging.
- ✓ Kveldseta – drøftingar – oppsett av tema.
- ✓ Kurs i smiing – også vidareføring. Bruken av smia.
- ✓ Postveg marsjen 2008 + kulturminnedagen – slått saman – 14. sept.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank: 5.000 kr. Ørskog kommune: 4.000 kr.
- ✓ Kulturminneåret 2009.
- ✓ Lokalhistorisk stoff jf. Signe Clausen.
- ✓ Reguleringsplan for hoppbakkar Sjøholt sentrum.
- ✓ Samarbeid med Ålesund Filatelistklubb – messe juni 2009.
- ✓ Registrering i Frivilligregisteret
- ✓ Bevaring av gravminne – registreringsarbeid m.m. - samarbeid med Soknerådet.
- ✓ Bygningsmessige endringar Paktarhuset – søknad Fylkeskonservator.
- ✓ Kvernhuset – renne – rydding m.m.
- ✓ Førebuing av årsmøtet.

**Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:**

- ✓ Årsskriftet for 2008.
- ✓ Spørsmål vedk. paktarhuset – vedlikehald – bruk m.m.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid.
- ✓ Bygdebøkene Ørskog
- ✓ Utsmykking Ørskoghallen.
- ✓ Kjøp av utstyr til smia – jf. kurs m.m.
- ✓ Kyrkjeboka.

Ørskog historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalendaren** – med biletmotiv frå Ørskog.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

**Kalendaren for 2009 har Ørskog Historielag hatt ansvaret for – jf. eiga nemnd.**

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til i Ørskog.

**Kveldsete:** Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsete vore avvikla med desse **6 temaene**:

I fotspora til norske utvandrarar v/Bjørn St. Skarbø (26 pers.) - Tur til Gausnesgarden

m/orienteringar v/Kåre Gausnes (70 pers.) - «Nytt liv i gamle tufter» video om grindløbygging på

Ytste Skotet v/Olav Kj. Sjøholt og Ståle Vestre (13 pers.) - Gulbrand Lunde og dramaet på Våge

v/Jan Olav Fladmark (28 pers.) - Sætreliv v/Sofie Sæter Bøe, Oddhild Frøysedal, Asbjørg Refsnes,

Olaug Amdam og Elsa Kvammen (23 pers.) - Kulturminneåret 2009 v/Kristin Amdam (16 pers.)

Samla oversyn over alle kveldsseta sidan 1998 finn vi på laget si heimeside –

[www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

**Husstyret** – frå arbeidet til husstyret tek vi med:

- ✓ Medlemmer: Kjell Vestre – Gunnar Tenfjord – **Kjell Arve Lid** – Jorunn Giskemo + 2 medlemmer valde frå Husflidslaget.
- ✓ Reingjering m.m. er utført.
- ✓ Plenslått og stell utandørs – jf. avtale/samarbeid med soknerådet.
- ✓ Prosjektering av rullestolrampe er under arbeid. Søknad er sendt Fylkeskonservator.
- ✓ Paktarhuset har også dette året vore ein del nytta til møte og samkomer.

Vi tek også med at Fylkeskonservatoren har bestemt at teknisk tilstand for alle freda bygningar i privat eige i Møre og Romsdal skal registrerast. Dette er med tanke på ein vedlikehaldsplan. I Ørskog kommune gjeld dette berre paktarhuset på Prestegarden. Tore Stokke frå Ørsta var her 31. januar 2008 på oppdrag frå Fylkeskonservatoren, og han hadde då ein gjennomgang av huset. Rapporten ligg no føre. Det er sendt søknad til Fylkeskonservator om løyve til å setje i gang med dei tiltaka som rapporten peikar på. Det er også søkt om løyve til oppussing m.m. av baderommet.

**Skriftnemnda** – frå arbeidet i nemnda rapporterer leiaren:

- ✓ Medlemmer: Bjørn Steinar Skarbø – Øyvind Danielsen – Solfrid Viset – **Grethe Leikny Gjerde** – Karl G. Kirkreit – Einar Landmark.

Nemnda har hatt 9 møte – dei fleste lagt til paktarhuset – men kalde vinterkveldar på Samfunnshuset. Nemnda hadde ein del emne/tema frå året før som ein gjekk vidare med saman med nye som kom til etter kvart.

Jens Viset si historie om Abelvik slo godt an og vart førstesidestoff i Sunnmørsposten. Skriftnemnda er godt nøgd med årsskriftet som kom ut 13. desember. Det vert oftast forseinkingar undervegs – noko som nemnda ikkje alltid rår med. Heftet hadde ikkje så mange sider som tidlegare år, men nemnda meiner at kvalitet er det viktigaste! Ein vil særleg trekke fram Bjørn Steinar Skarbø som har teke mykje ansvar med arbeidet. Elles har nemnda arbeidd godt saman, men ting kan alltid gjerast betre – det må vere ei klar målsetjing.

Annonsearbeidet gjekk svært godt – ingen takka nei til annonse i årsskriftet. Dette er Historielaget svært takksam for. Nemnda starta tidleg på året med arbeidet sitt – dette er viktig ikkje minst i høve dei som skal skrive artiklar til skriftet. Takk til alle bidragsytarar!

Skriftnemnda gav rett før jul ut "Årsskrift for Ørskog Historielag 2008" med 96 sider i A5 format. Heftet er nummer 18 i rekkja av årsskrift frå Historielaget

**Innhaldslista i årsskriftet var slik:**

- ✓ Krigsdrama ved Akslevollvatnet av Jens Viset.
- ✓ Flyslepp i Vaksvikfjella av Jens Viset.
- ✓ Lensmann Tandstad til storaksjon mot vaksvikjentene av Jens Viset.
- ✓ Dreiv båtrute på Storfjorden av Jens Viset.
- ✓ Mjølketransport og hattekjøp av Reidun Klock Tjervåg.
- ✓ Valgermo kraftverk - Petter Klokkehaug i samtale med Karl Georg Kirkreit.
- ✓ Song og musikkliv i Ørskog frå gammalt av - samtale med Peder Lande ved Karl G. Kirkreit.
- ✓ Å leve med ein tuberkulosesjuk i familien. Intervju med Kaspara Gjerde av Bjørn St. Skarbø
- ✓ Litt om første gongen Henrik Ibsen var på våre trakter av Einar Landmark.
- ✓ Biskop Claus Pavel på visitas i 1820 av Ole Øystein Nybø.
- ✓ Sjøholt Indremisjon 120 år av Kolbjørn Gjære.
- ✓ Henrik Wergeland sine forfedrar i Ørskog av Einar Landmark.
- ✓ Då Amalie Sofie og Henrik Wergeland kunne blitt ørskogbygdarar av Paul Tenfjord.
- ✓ Ei bryllaupsgåve i 1750 av Einar Landmark.
- ✓ Tre dikt av Klara Harstad.
- ✓ Hendingar i Ørskog i 2008.
- ✓ Perler frå fotoarkivet.

- ✓ Årsmelding for Ørskog Historielag 2007.
- ✓ Medlemer i Ørskog Historielag 2008.
- ✓ Annonser.

#### **Teknisk utval** – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Svein Stene** – Ola Gausnes – Steinar Leganger – Einar Vestre  
Oppgaver og arbeid har særleg vore knytta til:
- ✓ Lokomobilen – vedlikehald. Oppstart 2 gongar sommaren 2008.  
På Ørskogdagen tok Kåre Gausnes del med smiing.
- ✓ Rydding av elveskråninga bak kvernhuset.
- ✓ Ryddearbeid rundt kraftstasjonen.
- ✓ Diverse ommøbleringar i smia – fjerning av kolbinge – flytta arbeidsbenk.
- ✓ Diverse arbeid med vifta – i smia.
- ✓ Montering av fleire skap i smia. Investert i benkboremaskin til smia.
- ✓ Tilrettelegging for smikurs i smia.

#### **Aktivitets – og museumsnemnda** – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: Heidi Heggem – Leidulf Reite – Kåre Myren – **Leif Bårdsgjære**.  
Aktivitatar og oppgaver det har vore arbeidd spesielt med:
- ✓ Nemnda har halde fram registreringsarbeidet av bøker, tidsskrift og gjenstandar. Arbeidet er ikkje ferdig – nye ting kjem også til! Registreringa er på data.
- ✓ Medarrangør i Postvegmar sj/kulturminnedagen 14. sept. 2008

Vi tek med litt frå dette arrangementet:

Nemnda var med i arrangementskomiteen (samarbeid med Ørskog I.L., Friluftsrådet og Ørskog kommune).

Historielaget sitt ansvar: Mottak i Prestefjora – signering av diplomar.

Utstilling av gamle bilete/fritidsaktivitatar før i tida – tema kulturminnedagen: «Mangfoldig fritid»

Riding for born – saman med Ørskog køyre – og rideklubb.

Postvegmar sjen vart arrangert for 5 år på rad. Den 3 km lange marsjen går frå postvoren i Amdamsfjora til Prestefjora. I flott ver gjekk 152 marsjen denne gongen. 3-årsmerke og 5-årsmerke vart delte ut. Under marsjen var det lagt inn overraskingar med mellom anna opptrinn ved teatergruppa til Kulturskulen – servering av frukt – høve til å prøve gamle leikar – og innslag av trekkspelmusikk. Etter marsjtid var det kulturarrangement på og rundt Prestevoren. Kåseri av Ole Michael Ellefsen, musikk av skulekorpset og song av Ørskogkoret. For borna var det lagt opp til aktivitatar som riding og kanopadling. Ein flott dag – eit vellukka arrangement.

**Fotoregistreringsgruppa:** Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa som i tillegg har desse medlemmene: Heidi Heggem, Tore Tenfjord, Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

For tida er ca 300 bilete under arbeid – mykje er etterslep frå året før. Alle bileta er ferdig avfotograferte. Om lag 90 av bileta er ferdige med tekst og sende til Fylkesfotoarkivet – slik at dei no kan leggjast ut på nettet. Resten av bileta vert det no arbeidd med å skaffe tekst til.

**Postvegen – eiga nemnd:** Jan Lande, Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.

Det har ikkje vore aktivitet i nemnda i meldingsåret utover:

Postvegmar sjen som vart arrangert for 5. gong 14. september 2008. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

#### **Smikurs:**

Etter eit orienteringsmøte 13. oktober 2008 med 14 framsmøtte starta ein på att med smikurs i smia på Prestegarden. Geir Leslie Bjørkelund smed og instruktør. Dei har teke på seg å utforme eit

kunstverk i smijern som skal plasserast i den nye Ørskoghallen.

**Nettsider Ørskog Historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget takkar Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L. Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

### **Ørskogkalenderen:**

Historielaget hadde i år ansvaret for kalenderen for 2009.

Nemnd: Ståle Vestre leiar – Asgeir Kvernberg – Anne Berit Amdam – Ingrid Sveen Eide.

Arbeidet gjekk godt – økonomisk overskot på 20.600 kr

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank.

**Rekneskap** for året 2008: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

**Framover:** Styret vil snarast etter årsmøtet halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2009.

### ***Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere:***

- ✓ Kvernhuset – slutføring av prosjektet – renne m.m.
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid.
- ✓ Malmbana – vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald.
- ✓ Årsskrift nr 19 – for år 2009. Innhald og arbeid.
- ✓ Ørskogkalendar for 2010: Ørskog Rotary har ansvaret denne gongen.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjeboka – framhaldande arbeid.
- ✓ Kulturminneåret 2009 – event. samarbeid med Ørskog kommune.
- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagen med tema: «Vann og dagliglivets kulturminner (jf. Tema for kulturminneåret 2009). Tidspunkt søndag 13. sept. 2009.
- ✓ Registreringsarbeid – arkivering m.m.
- ✓ Postvegen – Postvegmarsjen for 6. gong.
- ✓ Kveldsete om lag 6 arrangement pr år – dette er viktig å halde fram med!
- ✓ Bygdebøkene – kome vidare i samarbeid med Ørskog Sparebank.
- ✓ Stadnamnbok for Ørskog – samarbeid med Skodje og Ørskog mållag?
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid.
- ✓ Medlemsverving.

Til slutt vil styret rette ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2008.

For styret i Ørskog Historielag år 2008.

Ragnar Bakken – skrivar –

Årsmelding2008ØH



## Ørskog kyrkje og kyrkjegarden 1900 - 1910

Fotograf: Jannik Borre, Photogr. Anstalt, Eutin (Tyskland)

Eigar: Ørskog Historielag





